

Bente Ohnstad
Slettevegen 170 A
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10254 - 20/33512

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
05.06.2020

Foreløpig svar på søknad - gbnr 463/3,12 Marås

Tiltak: arealoverføring med dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 463/3,12
Tiltakshavar: Bente Ohnstad
Ansvarleg søkjar:

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.05.2020 og saka har saksnummer 20/10254.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggskommunikasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggskommunikasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar	3 veker

